

Nr. 1-2005

esperanto-Nytt

Informasjon fra Norsk Esperanto-Forbund



Turist på heltid s. 2

Staten: Språk er ikke kultur s. 3

Språkstrid i Arizona s. 6

Hvor kommer orda i esperanto fra? s. 7

Turist på heltid

Joichi Kaneko (33) frå Japan har nettopp vore i Noreg. Men nokon vanleg turist er han ikkje. Han har nemleg vore turist på heiltid sidan 2001.

Ryggsekken veg omtrent like mykje som mannen sjølv. – Eg kjøper bøker, forklarar Joichi, som no har vore i nesten alle landa i Europa. Etter Noreg reiser han vidare til Finland og Estland, og då manglar berre Island.

Då han la ut på reise for tre og eit halvt år sidan, hadde Joichi nettopp lært seg esperanto. Snakka det hadde han aldri gjort, men det har han fått teke igjen til gagns no. Dei første esperantofolka møtte han i Pakistan, sidan i Iran og omtrent alle landa i Europa. I Europa har Joichi stort sett skaffa seg gratis overnatting gjennom adresselista Pasporta Servo. Så òg i Tromsø, Trondheim og Oslo.

HYTTE PÅ LANDET

Tre og eit halvt år er lang tid, men Joichi nektar for at han har halde seg i ro i noka lengd:

– Nei, eg er aldri meir enn tre veker på same stad. I Europa har eg stort sett vore berre eit par netter hjå kvar overnattingsvert.

Og han legg til at dei to første dagane er alltid morosame, men han tek ikkje sjansen på å verta noko lenger enn det: – Eg ville berre ha slite ut overnattingsvertane!

Vertane i Pasporta Servo-nettverket tilbyr privat overnatting, og det er ikkje uvanleg at dei tek seg ekstra godt av gjestene sine, med både lokale omvisingar og sosiale aktivitetar.

Ved nokre få høve kan Joichi overtalast til ikkje å reisa vidare så altfor



Foto: Kvell H. Ulvestad

fort. Eitt slikt høve var i India, då han arbeidde nokre veker ein pleieheim i Calcutta som Mor Teresa hadde grunnlagt. Eit anna høve var då ein hyggjeleg mann i Romania lånte han ei hytte på landet.

SÆRINGAR

I Europa har Joichi overnatta hjå rundt 200 esperantobrukarar. Og alle har vore hyggjelege. Iallfall stort sett:

– Jau då, det har jo vore nokre særingar òg. Men det har mest vore hyggjelege særingar. Ingen har robba meg, understrekar Joichi, som likevel vedgår at det varierer litt kor god kontakt han får med folk.

Joichi er ikkje den som skal snakka høgst om å vera sær. Sjølv reiste han til Tromsø i januar, ikkje akkurat den beste tida for å sjå midnattssola.

– På ei anna side var det ikkje mid-

nattssola eg var på jakt etter heller, men esperantofolk, seier han og legg til: Mange japanarar reiser til Tromsø midt på vinteren for å sjå nordlys.

SMATTING

På spørsmål om han har lagt merke til kulturskilnader på reisa si, har han svaret klart:

– Ja. I Vesten skal nudlane etast stille. I Japan er det høfleg å slurpa dei i seg! I Frankrike seier ein alltid bon appetit til den ein skal eta saman med. Ein gong hadde eg veldig lyst til å seia dette til ei kvinne frå USA, men på engelsk finst ikkje det uttrykket. Og i ein japansk brosjyre las eg at det er uhøfleg i Europa å ta av seg skorner på offentlege stader. I

norske heimar skal ein derimot helst ta skorner av seg.

Og med dei orda reiste Joichi vidare til Finland.

dd/jea



Pasporta Servo
har heimeside her:
<http://www.tejo.org/ps>

– Språk er ikke kultur

Språk er ikke kultur. Det mener Skatteetaten.

I 2003 søkte Norsk Esperanto-Forbund om å bli godkjent som fradragsberettiget organisasjon. En rekke livssynsorganisasjoner, kulturorganisasjoner osv. har slik godkjennelse. Dette innebærer at gaver til organisasjonen kan trekkes fra på selvangivelsen.

Esperanto-forbundet viste bl.a. til sin rolle i å formidle og bevare esperantokulturen med sin litteratur, sanger og infrastruktur. Ikke minst har Esperanto-forbundet et moralsk ansvar for å bistå med kulturell formidling til de få nordmennene som har esperanto som ett av flere morsmål pga. språksituasjonen i hjemmet.

Oslo likningskontor avslo søknaden fra Esperanto-forbundet, men forbundet sendte en anke til Skatteetaten. Etter en noe lang saksbehandling kom det på tampen av fjoråret et avslag også derfra.

Skattetaten begrunner avslaget med at bevaring og formidling av språk, litteratur, sanger og andre kulturelle referanserammer ikke er å anse som kulturbevaring, simpelthen fordi språk ikke er kultur. Kun bevaring av bygninger og konkrete gjenstander anses som kulturbevaring.

For ordens skyld bør det nevnes at Norsk språkråd sorterer under Kulturdepartementet

jea

Universitetskurs på nettet

Nå til høsten begynner et kurs for nybegynnere i esperanto ved Umeå Universitet i Sverige. Kurset er på 7,5 studiepoeng (25 %), og går hele semesteret. Siden det er helt og holdent internettbasert, passer det utmerket også for nordmenn.

Studiet er et ordinært universitetsfag, og kvalifiserer til støtte fra Lånekassen. Kursleder Espen Stranger-Johannessen, opprinnelig fra Hamar, betegner studiet som billige studiepoeng, og han oppfordrer også dem som allerede kan esperanto, om å melde seg på.

Kurset skal bruke en helt ny, svensk lærebok, EpoGo, sammen med lydfiler, chat og nedlastbare tekstdokument.

– Min filosofi som lærer er at det skal være ganske lett å stå (to små prøver), men samtidig gode muligheter for å lære mye for de som vil, sier Stranger-Johannessen i en pressemelding om kurset.

Siste påmeldingsdato er allerede 15. april. Ytterligere informasjon finnes på disse adressene:

<http://info2.adm.umu.se/utbkat/Kurs.asp?Kurskod=ESPE01>

<http://www.mos.umu.se/sprakcentrum/sprakweb/kurser.aspx>

Norsk eksamen

Norsk Esperanto-Forbund arrangerer eksamen i esperanto i forbindelse med landsmøtet i sommer.

Norsk Esperanto-Forbund arrangerer eksamener i esperanto. Disse har ingenting med de årlige kursene å gjøre. Eksamenene er fullstendig frivillige, og tjener som dokumentasjon på kandidatenes ferdigheter.

Neste eksamen blir arrangert under landsmøtet sommeren 2005. Oppmeldingsfrist er 1. mai 2005. Det arrangeres både begynnereksamen og videregående eksamen. Videregående eksamen tilsvarer eksamen i fremmedspråk (C-språk) i norsk videregående skole.

Eksamensreglement, oppmeldingsskjema og pensumkrav er lagt ut på denne adressen: <http://www.esperanto.no/eksamen>

Landsmøte

Norsk Esperanto-Forbund avholder landsmøte 10.–12. juni på Morokulien Vårdshus i Morokulien, på grensen mellom Norge og Sverige.

Programmet er ganske tradisjonelt, med behandling av årsrapporter og årsregnskaper for de to siste årene. Men det blir også sosiale aktiviteter, med kulturkveld, utflukt og selvfølgelig festmiddag.

Morokulien Vårdshus ligger akkurat på grenselinjen mellom Norge og Sverige. Morokulien er demilitarisert område, og utsteder eget pass.

100 år med kongresser

I år er det 100 år siden den første Universala Kongreso de Esperanto. Jubileumskongressen arrangeres i Litauen i sommer.

Hvert år arrangeres det hundrevis av treff for esperantobrukere verden over. Det største av disse arrangementene er Universala Kongreso de Esperanto (UK), som arrangeres på et nytt sted hver sommer, stort sett med mellom 2000 og 3000 deltakere.

I 2005 arangeres kongressen i Vilnius. Da er det 100 år siden den første UK, og det ventes storinnrykk fra hele verden i uken 23.-30. juli. Programmet på UK pleier å bestå av konserter (de fleste sjangre), teater, arbeidsmøter, bokutsalg, forelesninger, ball, utflukter og mye mer. Årets kongress er bare den 90. i rekken, ettersom kongressene ble avlyst under de to verdenskrigene.

Når dette bladet går i trykken, er det påmeldt 17 nordmenn. Etternølere er forøvrig et velkjent fenomen her som ellers i verden.

Hjemmesiden til jubileumskongressen finner du her:

<http://www.esperanto.lt/uk2005/>

jea

Humorblekke til papiret

Humorblekka *Vola Püg*' har hittil berre funnest som nettavis, men har no teke steget over til papirformat. Nettversjonen finst framleis på denne adressa: <http://www.volapug.net>

Namnet på blekka er eit ordspel over *volapük* (eit språk som var populært før esperanto dukka opp) og *vola pugo*, som på esperanto tyder 'villig rumpe'.

Humor på internasjonalt vis er ein vanskeleg sjanger, sidan humor kan vera svært kulturavhengig. Redaksjonen er fransk, men prøver å laga filmar, teikneseriar og forteljingar for eit vidt publikum.



Frå redaksjonen til *Vola Püg*:

- Me har nettopp fått dei siste statistikkane for nettsida til *Vola Püg*! Dei viser at 99% av lesarane er menn som kjem via søkjemotorar...
- Og kva er søkjeordet?
- Rumpo...

Kulturfestival i Finland

Kultura Esperanto-Festivalo, ofte bare omtalt som KEF, avholdes i år i Helsingfors, mot slutten av juli.

Hjemmesiden til festivalen lover et fylldigere og mer variert musikkprogram enn på lange tider, med alt fra rock og pop til viser. Blant annet kommer det dansk-polsk-bosniske bandet med det selvironiske navnet Esperanto Desperado, som nylig har kommet med ny CD.

En annen populær deltaker er den kasakhiske viseduoen Ŝomart kaj Nataŝa. Den har blitt utvidet med en datter, og opptrer nå som trioen Ŝomart, Nataŝa kaj Karina.

Litteraturprogrammet byr på poeter, novellister og til og med en tegneserie-tegner. Og skulle ikke dette være nok, kommer frk. Emily Barlaston og opptrer.

Hun er esperantos svar på Flettfrid Andresen og Dame Edna, og er ifølge forhåndsmotalen født i 19#@.

Hjemmesiden til KEF:

<http://www.esperanto.fi/kef2005>

Hjemmesiden til frk. Barlaston:

<http://www.homestead.com/barlaston>

*Esperantos egen
Flettfrid, frk.
Emily Barlaston,
kommer på
kulturfestival
i Finland.*

Foto: Peter Krijn.



Språkstrid i Arizona

Skal engelsk verta det offisielle språket i Arizona? Delstatsforsamlinga i den amerikanske delstaten har med knapt fleirtal vedteke å gjennomføra folkeavstemming om dette. I dag har nemleg korkje engelsk eller andre språk nokon spesiell juridisk status.

Pressebyrået AP melder at det er strid om dette spørsmålet.

– Det er ein fordel å kunna to eller tre språk, meiner representanten Pete Rayos. Han stemte mot framlegget, som no er oversendt til senatet.

Vert framlegget vedteke, vil det innebera at engelsk vert einaste lovlege språk i statsadministrasjonen, og at berre engelsk kan brukast i kontakt med det offentlege. Ei liknande lov vart innført i 1988, men denne vart avskaffa av høgsterett i staten ti år seinare, fordi lova på grunnlovsstridig vis hindra folk i å ytra seg fritt. Motstandarane av det nye lovframlegget meiner at ei ny slik lov berre vil ha som føremål å bruka språk som maktmiddel mot dei som ikkje har engelsk som morsmål.

Utdanningsdepartementet i Arizona har utarbeidd ei liste over meir enn 40 språk som skuleborna i delstaten snakkar. Denne lista nemner m.a. spansk, fransk, arabisk, italiensk, japansk, tysk, mandarin, engelsk og ein del andre innvandrarspråk, i tillegg til fleire amerikanske språk, som navajo, hopi og apache.

jea

Hvor kommer orda i esperanto fra?

Ludwik Zamenhof, som lanserte esperanto, kom fra Polen og hadde russisk som morsmål, men ordforrådet i esperanto kan sies å komme fra nesten hele Europa.

Først og fremst er det mange ord fra latin og gresk som vi kjenner som fremmedord også på norsk, som f.eks. *intereso*, *kolego*, *strategio* og *demokratio*. Foruten disse internasjonale orda, er mesteparten av ordtilfanget i esperanto hentet fra latinske språk som fransk, noe ord som *homo* (menneske), *cent* (hundre), *ĝentila* (hyggelig) og *esti* (å være) vitner om. Men også andre språkgrupper er representert i esperantos ordforråd. Ord som *domo* (hus), *prava* (riktig) og *krom* (foruten) finner vi igjen russisk, mens *hundo* (hund), *jaro* (år) og *knabo* (gutt) er hentet fra tysk. Noen «norske» ord finner vi også, som *fjordo*, *skio* og *trolo*.

Ordtilfanget i esperanto vokser i takt med den tekniske utviklinga. Og ordbruken reguleres i esperanto som i andre språk: av brukerne selv. En prøver ofte å finne «rene» esperantoord for nye fenomen, men av og til adopterer en ord, særlig fra engelsk. 'E-post' heter for eksempel *retpoŝto* (nettpost) på esperanto, mens 'å skrive ut' heter *printi*. En del ord kommer også inn som alternativ til eksisterende ord på esperanto. En fotballtilhenger



kan velge mellom *futbalo* eller det tradisjonelle *piedpilko* (ordrett «fotball»), og ordet *malmultekosta* («lite kostende», billig) har fått konkurranse av det engelskinspirerte *ĉipa*.

Lurer du på noe?

Skriv til sporsmal@esperanto.no

DETTE ER ESPERANTO

- Esperanto er eit språk.
- Det er utforma for å vera lettlært.
- Det såg dagens lys i 1887.
- Det er registrert brukarar i over 100 land.
- Alle substantiv endar på -o.
Intereso tyder *interesse*.
- Alle adjektiv endar på -a.
Interesa tyder *interessant*.
- Alle verb endar på -as i notid, -is i fortid og -os i framtid.
- Trykket landar alltid på nest siste stavinga i ordet.
- *Mi amas vin* tyder eg elsker deg.

Visste du at...

BURUNDI

Ministeren for kultur, sport og ungdom har offisielt godkjent vedtektene til fredsorganisasjonen Universala Paco-Organizo, og har opna for undervisning i esperanto. Det tyske bladet *Esperanto Aktuell* melder at det for tida er 126 universitetsstudentar i Burundi som studerer språket.

KINA

Ein av dei store esperantodiktarene, Bakin, fylte 100 år på tampen av fjoråret.

Togo

Det er ikke uvanlig at skoler blir opprettet. Det er heller ikke helt ukjent at skoler i Afrika av og til blir finansiert av bedrifter og foreninger i Europa. Noe mer uvanlig er det at det blir opprettet esperantoskoler.

Etter initiativ fra esperantobrukere har det blitt opprettet en grunnskole i det afrikanske landet Togo, finansiert av sponsorer i Nederland. Det spesielle med skolen er at i tillegg til det ordinære pensumet står også esperanto på timeplanen. Tidsskriftet *Esperanto* forteller at skolen har noe over 200 elever.

Tidsskriftet forteller ikke nøyaktig hvor i Togo skolen befinner seg.

MAT

Skulle du trenga matoppskrifter på esperanto, finn du dei her:

<http://eo.wikibooks.org/wiki/Kuirlibro>

USA TRENGER SPRÅK

Los Angeles Times melder at det er stort behov for språkkyndige i amerikansk næringsliv. Først og fremst etterlyses folk som kan mandarin, koreansk og arabisk.



Sei det på
esperanto

**Kie estas la plej
proksima necesejo?**

Kvar er næraste toalett?

(Uttale: KIE EStas la PLEJ pråkSIma
netseSEjå)

DU KAN ABONNERE på *Esperanto-nytt* (3 utgivelser pr. år) ved å betale 30 kr. til *Esperanto-nytt*, postgironr. 7877 067 9590. Det er mulig å betale for flere år samtidig. *Informilo en la norvega lingvo. Aperadas per 3 numeroj jare ekde 1985.*

Redaksjon: Jardar Eggesbø Abrahamsen (ansv), Douglas Draper.

Utforming: Judith P. Mortensen. **Trykk:** Øien&Indergaard. ISSN 0802 0442

Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 Oslo. Tlf. 22 35 08 94.

www.esperanto.no E-post: <inform@esperanto.no> Postgiro 0533 05 22870.